



Orientering om Stokksund skule frå hausten 2026

Stokksund skule vil frå hausten 2026 vere offentleg nærskule for alle barneskuleelevar i indre del av Herøy kommune. Skulekrinsane med postadresse 6076 Moltustranda, 6080 Gurskøy og 6070 Tjørnvåg blir slegne saman til ein skulekrins. Om alt går etter planen om å opne privat skule på Moltu, så vil det vere tre alternative barneskular i denne delen av kommunen: Stokksund skule, Møre barne- og ungdomsskule og Moltustranda Montessori.

Stokksund skule skal frå hausten 2026 vere ein fulldelt barneskule, og førebelse teljingar viser at det vil vere rundt 70 elevar ved skulen neste skuleår 2026-27 fordelt på sju klassar. Førebelse tal viser at elevane fordeler seg slik på trinna:

- | | |
|----------------|----------------|
| 1. – 7 elevar | 5. – 7 elevar |
| 2. – 13 elevar | 6. – 10 elevar |
| 3. – 11 elevar | 7. – 9 elevar |
| 4. – 11 elevar | |

Ein tek sikte på å bruke klasseroma ved heile skulen, slik at dei eldste elevane vil få klasserom i dei tidlegare klasseroma til ungdomsskulen. Det vil bli utført nødvendige oppgraderingar på skulebygget.

Skulen sin timeplan:

09.00 – 13.35 (midtskyssen går kl 13.40)

13.45 – 14.30 (sluttskyssen går kl 14.35)

SFO ved Stokksund skule vil ha kapasitet til å ta imot minst 40 barn. Bruksarealet vil bli utvida med to av klasseroma på barneskulen. Fleire barn gir rom for fleire tilsette og ein vil kunne tilby fleire aktivitetar å velje mellom. SFO vil få meir plass til garderobe og ein vil også kunne nytte seg av skulekjøkenet.

Opningstida vil vere frå klokka 07.30 – 08.55 og 13.35 – 16.30. Dei som nyttar seg av SFO om morgonen vil få servert frukost som vil bestå av brød og tre sortar pålegg og mjølk. Det vil også bli tid til gode leikeaktivitetar før skulen startar. På ettermiddag må barna ha medbrakt matpakke, og ein dag i veka blir det servert eit varmt måltid. Trivselspengar/matpengar blir 225,- kr i mnd. Dei som nyttar seg av full plass vil kunne nytte seg av 21,7 timar i veka.

SFO er drifta etter rammeplan for SFO og har tre fokusområder: måltidsglede, leik og inkludering.

Måltidsglede og måltidsrutiner er viktig i kvardagen, og kan bidra til å gjere SFO til ein god og trygg stad å vere. Leiken er viktig både for å kjenne at ein høyrer til, for å utvikle sosiale ferdigheiter, eller berre for å ha det gøy i lag. Alle aktivitetar i SFO skal legges til rette for at alle skal kjenne seg inkluderte uansett føresetnader.

Du vil finne meir informasjon om SFO på Herøy kommune sin nettstad:

<https://www.heroy.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo/>

Oppvekstavdelinga ynskjer alle nye og gamle elevar velkomne til «nye» Stokksund skule hausten 2026!



HERØY kommune

Sektor kultur og oppvekst

Kommunalsjef sektor kultur og oppvekst